



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar

«Delrapport II for delprosjektoråde 15 Eigarskap - retningslinjer for eigarstyring»

Vestland fylkeskommune 2020
Leveringsdato: 24.05.2019

Innhold

Innhold.....	2
1. Innleing.....	2
1.1 Om delprosjektet – kva var oppdraget?.....	2
1.2 Kort om denne rapporten si oppbygging	3
1.3 Kort samandrag av resultata delprosjektet har kome fram til	3
2. Krav og anbefalingar som gjeld eigarskapsmelding og generelle retningslinjer for eigarstyring.....	3
2.1 Lovkrav.....	4
2.2 KS sine anbefalingar for eigarstyring m.m.....	4
2.3 Statlege prinsipp for god eigarstyring og selskapsleiing.....	6
2.4 NUES og OECD.....	6
3. Praksis i HFK og SFFK – og tilråding om kva retningslinjer VLFK bør ha.....	7
4. Politisk behandling.....	18
5. Oppsummering av sentrale tilrådingar og avklaringspunkt	19
Vedlegg 1: Samandrag.....	20

1. Innleiing

1.1 Om delprosjektet – kva var oppdraget?

Delprosjektområde (DPO) 15 er delt inn i tre hovudarbeidsområde, som skal resultere i tre delrapportar:

1. Administrativ organisering/plassering
2. Retningslinjer for eigarstyring (denne delrapporten)
3. Formell overføring av eigarskap til Vestland fylkeskommune

Delrapport 1 om administrativ organisering og plassering er allereie levert. For ei nærmare skildring av delprosjektområde 15 og kva oppdraget går ut på, syner gruppa til denne rapporten. Organisatoriske forhold, arbeidsmåtar, lokalisering m.m. er drøfta i delrapport 1, og vil ikkje bli omtala i denne delrapporten. Delrapport 2 og 3 bygger i all hovudsak vidare på prosjektgrunnlaget som er lagt i den første rapporten, og handlar om konkrete eigarskapsoppgåver og korleis desse skal handterast i Vestland fylkeskommune.

Delprosjektgruppa skal gjennom delrapporten 2 (denne delrapporten) gje ei oversikt over lovkrav og anbefalingar som gjeld generelle retningslinjer for eigarstyring. I tillegg skal delprosjektgruppa vurdere om og korleis Hordaland fylkeskommune (heretter omtala som HFK) og Sogn og Fjordane fylkeskommune (heretter omtala som SFFK) oppfyller desse krava og anbefalingane. Delprosjektgruppa skal også gje ei tilråding om kva generelle retningslinjer Vestland fylkeskommune (heretter omtala som VLFK) bør ha.

Delprosjektgruppa har diskutert oppdraget og framdrifta i fleire arbeids- og statusmøte. Arbeidet har elles blitt utført ved at gruppedeltakarane har skrive utkast til rapporten, som dei andre deltagarane har gjeve skriftlege attendemeldingar til. Gruppa har samarbeida godt, og alle er einige om innhaldet og konklusjonane i rapporten.

Delrapporten skal følgjast opp med eit notat til orientering til fellesnemnda i juni. Vidare må delrapporten følgjast opp med utarbeiding av eigarskapsmelding for VLFK før fylkestinget sitt møte 17. desember 2019.

Delprosjektområdet grensar mot DPO 14 (politisk sekretariat og juridiske tenester). Begge desse delprosjektområda omhandlar til dømes val av styremedlemar og eigarrepresentantar for VLFK.

1.2 Kort om denne rapporten si oppbygging

Kapittel 2 i delrapporten gjev ei oversikt over krav og anbefalingar som gjeld for generelle retningslinjer for eigarstyring, inkludert krav til eigarskapsmelding. I tabellen i kapittel 3 har delprosjektgruppa vurdert om og korleis Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune oppfyller desse krava og anbefalingane. Tabellen i kapittel 3 syner også delprosjektgruppa si tilråding om eigarskapsmelding og generelle retningslinjer for Vestland fylkeskommune. Kapittel 4 syner kva saker som må behandlast politisk, medan kapittel 5 gjev ei oppsummering av dei mest sentrale tilrådingane og avklaringspunktene.

1.3 Kort samandrag av resultata delprosjektet har kome fram til

Sjå vedlegg 1 under.

2. Krav og anbefalingar som gjeld eigarskapsmelding og generelle retningslinjer for eigarstyring

Dette kapittelet gjev ei generell oversikt over lovkrav og anbefalingar som gjeld fylkeskommunane sine retningslinjer for eigarstyring.

2.1 Lovkrav

Gjeldande kommunelov (koml.) inneholder ikkje krav om eigarskapsmelding, retningslinjer for eigarstyring eller liknande. I 2018 vedtok Stortinget ny kommunelov (koml. 2018), som inneholder eit krav til eigarskapsmelding i § 26-1:

Kommuner og fylkeskommuner skal minst én gang i valgperioden utarbeide en eierskapsmelding som skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv.

Eierskapsmeldingen skal inneholde

a) kommunens eller fylkeskommunens prinsipper for eierstyring

b) en oversikt over selskaper, kommunale eller fylkeskommunale føretak og andre virksomheter som kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser eller tilsvarende interesser i

c) kommunens eller fylkeskommunens formål med sine eierinteresser eller tilsvarende interesser i virksomhetene nevnt i bokstav b

Det nye kravet til eigarskapsmelding "markerer det ansvaret kommunestyret og fylkestinget har for å forvalte verdier og tjenester som er lagt ut i selskaper", jf. NOU 2016:4. Fylkestinget kan ikkje delegera myndet til å vedta eigarskapsmelding.

I § 26-1 andre ledd er det lista opp fleire krav til innhaldet i eigarskapsmeldinga. Meldinga skal for det første innehalde fylkeskommunen sine prinsipp for eigarstyring, jf. bokstav a. Vidare skal eigarskapsmeldinga innehalde ei oversikt over selskap, kommunale eller fylkeskommunale føretak og andre verksemder som fylkeskommunen har eigarinteresser eller tilsvarande interesser i, jf. bokstav b. Dette omfattar ikkje berre aksjeselskap og interkommunale selskap, men også samvirkeforetak, kommunale oppgåvefellesskap, vertskommunesamarbeid og stiftingar som fylkeskommunen har ei særskild interesse i. Det er presisert i forarbeida til lova at også dei fire sistnemnde organisasjonsformene bør bli omfatta av eigarmeldinga, sjølv om det ikkje er naturleg å omtale desse verksemndene som selskap, og sjølv om fylkeskommunen ikkje har noko direkte eigarinteresse i verksemndene.

Av andre ledd bokstav c går det fram at meldinga også skal innehalde opplysningar om fylkeskommunen sine formål med eigarskap i dei ulike selskapa. Ifølgje Prop.46 L (2017-2018) treng ikkje fylkeskommunen sitt formål med eigarskap nødvendigvis vere identisk med selskapet sitt formål.

Kapittel 26 i koml. 2018 trer i kraft frå og med det konstituerande møtet i fylkestinget ved oppstart av valperioden 2019-2023.¹ Kravet til eigarmelding vil såleis gjelde for Vestland fylkeskommune (VLFK), og minst ein gong i valperioden 2019-2023 må VLFK utarbeide ei eigarskapsmelding som fylkestinget skal vedta. Meldinga skal innehalde VLFK sine prinsipp for eigarstyring, oversikt over alle selskap og verksemder som VLFK har eigarinteresser eller tilsvarande interesser i, og VLFK sine formål med eigarskap i dei ulike selskapa.

Fylkeskommunen står fritt til å omtale andre tilhøve i tillegg til minimumskrava i § 26-1 (2), og til å oppdatere eigarmeldinga fleire gongar i løpet av valperioden.

¹ Jf. res. 20. desember 2018 nr. 2062.

2.2 KS sine anbefalingar for eigarstyring m.m.

Fylkestinget har det overordna ansvaret sjølv om fylkeskommunane har lagt delar av verksemda i eigne selskap. KS har derfor utarbeida "anbefalinger om eierstyring, selskapsledelse og kontroll" for kommunalt og fylkeskommunalt eigarskap.² Dei 21 anbefalingane skal sikre god folkevald styring og forvalting av eigarskapen. Anbefalingane gjeld hovudsakleg for AS, IKS og kommunale føretak etter koml. kap. 11. Stiftingar og samvirkeforetak er kort omtala i anbefalingane. Ei av anbefalingane gjeld eigarskapsmelding.

Eigarskapsmelding

Etter KS sitt syn bør fylkestinget utarbeide ei eigarskapsmelding med overordna prinsipp for eigarskapen. Det er viktig at meldinga er tilgjengeleg for innbyggjarane i fylket. Ifølgje KS bør eigarmeldinga som eit minimum innehalde:

1. *Oversikt over kommunens virksomhet som er lagt i selskaper og samarbeid.*
2. *Politisk styringsgrunnlag gjennom kommunens prinsipper for eierstyring*
3. *Juridisk styringsgrunnlag knyttet til de ulike selskaps- og samarbeidsformene.*
4. *Formålsdiskusjon og selskapsstrategi knyttet til de ulike selskapene, herunder styringsdokumentene.*
5. *Selskapenes samfunnsansvar knyttet til miljø, likestilling, åpenhet, etikk osv.*

KS sine anbefalingar er utarbeida før koml. 2018, og går lenger enn lovkravet om eigarskapsmelding. Etter KS sitt syn bør eigarmeldinga utarbeidast årleg, ikkje berre ein gong i valperioden slik den nye kommunelova krev. KS sine anbefalingar for innhald omfattar også meir ein krava til eigarskapsmeldinga i koml. 2018. Ei melding i samsvar med anbefalingane vil ifølgje KS sikre nødvendige styringssignal til selskapa, tydeleggjere dei folkevalde sitt ansvar og bidra til meir openheit overfor omverda.

KS gjev fleire anbefalingar for eigarstyring m.m. som kan vere aktuelle å inkorporere i eigarmeldinga som ein del av VLK sine prinsipp for eigarstyring. Nokre av anbefalingane som er særleg relevante for delprosjektet og VLK si eigarskapsmelding vil bli nærmare omtala under.

Obligatorisk opplæring av og informasjon til folkevalde

KS tilrår at fylkestinget som eigar får kunnskap om selskapsorganisering, og om styringsmoglegheitene overfor dei selskapa fylkeskommunen har eigardelar i. Fylkestinget bør også få innsikt i dei ulike rollene ein har som folkevald, som styremedlem eller som medlem av representantskap eller generalforsamling. Slik kompetanseutvikling vil bidra til å styrke det fylkeskommunale eigarskapet. Fylkestinget bør få slik opplæring i løpet av dei første 6 månadane av valperioden og ei oppfrisking etter 2 år. Vidare anbefaler KS at det nye fylkestinget tidleg i perioden får ei oversikt over status for selskapa. Ei slik oversikt kan fylkestinget t.d. få gjennom eigarskapsmeldinga, eller i samband med opplæringa som skal gjennomførast innan dei første seks månadane.

Eigarstrategi og styringsdokument

KS anbefaler at fylkestinget utarbeider og jamleg reviderer styringsdokument og avtalar som regulerer styringa av selskap. Ifølgje KS bør fylkeskommunen i tillegg ha ein open og klart uttrykt eigarstrategi for eigarskapen i ulike selskap. KS skildrar dette slik:

Når kommunestyret har valgt å legge en del av sin virksomhet inn i et selskap, medfører det også overføring av styringsrett til virksomheten. Oppgaven til selskapets styre og administrasjon er å trekke opp virksomhets- og forretningsstrategien innenfor en ytre ramme som er trukket opp av eieren/eierne. Det er denne ytre rammen som er eierstrategien, og innenfor den skal selskapet ha betydelig grad av spillerom.

² https://www.ks.no/contentassets/fb95418a8bab40d69235844e212abb6f/ks-anbefalinger-eierstyring_digital.pdf

Eigarorganet - samansetnad og funksjon

Samhandlinga mellom fylkestinget og eigarorganet er ikkje lovregulert; aksjelova seier t.d. ikkje noko om kven som skal møte på generalforsamlingane. KS understrekar at eigarstyringa skal skje gjennom eigarorganet for selskapa. For selskapsformene AS og IKS bør ein etablere føreseielege kommunikasjonsformer mellom fylkestinget og eigarorganet og forankre dei i eigarskapsmeldinga. Dette vil ifølgje KS bidra til engasjement, debatt og reell politisk avklaring av eigarorganet sitt mynde. Oppnemning av sentrale folkevalde til eigarorganet kan bidra til å forenkle samhandlinga og kommunikasjonen mellom fylkestinget og eigarorganet.

Styresamansetnad, styreoppnemning og balansert kjønnsrepresentasjon i styra

Eigar(ane) er ansvarleg(e) for at styret sin kompetanse samla sett er tilpassa selskapet si verksemd. Styret skal representere selskapet sitt behov, og bør ha forskjellig og supplerande kompetanse innan økonomi og organisasjon, og om marknaden som selskapet opererer i. KS tilrår at det bør vedtektsfestast bruk av valkomite ved val av styre til fylkeskommunalt eigde selskap. KS meiner også at ein skal forsøke å oppnå balansert kjønnsrepresentasjon i eigarorgana uavhengig av organisasjonsform og eventuelle lovkrav.

Godtgjersle for styreverv

I samband med utarbeidning av eigarskapsmeldinga bør fylkestinget ha ein prinsipiell diskusjon om godtgjering av styreverv. Diskusjonen bør danne grunnlag for fastsettjing av styrehonorar i eigarorganet.

Alle tilrådingane frå KS er omtala i tabellen i kapittel 3 nedanfor. Fylkeskommunen er ikkje forplikta til å følgje anbefalingane til KS. Som KS påpeikar er aktivt eigarskap grunnleggande for best mogleg lokalpolitisk forvalting av fylkeskommunen sine samla verdiar, samtidig som aktivt eigarskap vil gje viktige signal overfor omverden og styrke kommunen sitt omdømme. Det har såleis gode grunnar for seg å følgje anbefalingane frå KS.

2.3 Statlege prinsipp for god eigarstyring og selskapsleiing

Staten har utarbeida eigne prinsipp for eigarstyring og selskapsleiing. Prinsippa skal bidra til god eigarforvalting som sikrar staten sine verdiar. Staten sine prinsipp for god eigarstyring går fram av Meld. St. 27 (2013-2014) "Et mangfoldig og verdiskapende eierskap (eierskapsmeldingen)":

1. *Aksjeeiere skal likebehandles.*
2. *Det skal være åpenhet knyttet til statens eierskapsutøvelse og selskapets virksomhet.*
3. *Eierbeslutninger og vedtak skal foregå på generalforsamling.*
4. *Styret er ansvarlig for å utarbeide klare mål og strategier for selskapet innenfor rammen av vedtekten, staten stiller forventninger til selskapets resultater.*
5. *Kapitalstrukturen i selskapet skal være tilpasset selskapets formål og situasjon.*
6. *Styresammensetningen skal være kjennetegnet av kompetanse, kapasitet og mangfold ut fra det enkelte selskaps egenart.*
7. *Styret har det overordnede ansvaret for forvaltningen av selskapet og skal herunder ivareta en uavhengig kontrollfunksjon overfor selskapets ledelse på vegne av eierne.*
8. *Styret bør ha en plan for eget arbeid, arbeide aktivt med egen kompetanseutvikling og evaluere sin virksomhet.*
9. *Lønns- og insentivordninger bør utformes slik at de fremmer verdiskapingen i selskapet og fremstår som rimelige.*
10. *Selskapet skal arbeide målrettet for å ivareta sitt samfunnsansvar.*

Staten sine prinsipp gjeld ikkje for fylkeskommunane, men kan vere til inspirasjon ved utarbeidning av VLFK sine overordna prinsipp for eigarstyring.

2.4 NUES og OECD

Norsk utvalg for eierstyring og selskapsledelse (NUES) har utgitt ei anbefaling om eigarstyring og selskapsleiing. NUES består av ulike interessegrupper for eigarar, aksjeutferdarar og Oslo Børs. Formålet med anbefalingane er å bidra til størst mogleg verdiskaping i børsnoterte selskap til det beste for aksjonærar, tilsette, andre interessentar og samfunnsinteresser. Anbefalinga skal tillegg bidra til å styrke tilliten til norske selskap og den norske aksjemarknaden. NUES sine anbefalingar gjeld m.a. utbytte, likebehandling av aksjeeigarane, risikostyring og intern kontroll, godtgjersle til styret og leiing, og informasjon og kommunikasjon.

Anbefalinga rettar seg i første rekke mot børsnoterte selskap. Verken HFK eller SFFK er eigar i børsnoterte selskap. Nokre av anbefalingane kan likevel vere nyttige i arbeidet med VLK si eigarmelding. For gjeldande eigarmelding har SFFK tatt utgangspunkt i NUES sine anbefalingar ved utarbeiding av retningslinjer om menneskerettar, miljø, korruption og arbeidstakarrettar. SFFK har også henta inspirasjon til eigarmeldinga frå NUES når det gjeld eigardialog (kontakt mellom selskap og eigar) utanfor generalforsamlinga.

Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling (OECD) er eit samarbeidsforum for økonomiske og sosiale spørsmål. Organisasjonen skal gje dei 36 medlemslanda - inkludert Noreg - betre grunnlag for å utforme politiske verkemiddel som skal sikre økonomisk vekst og sosial tryggleik for innbyggjarane. OECD har utarbeida retningslinjer for eigarstyring og selskapsleiing i statleg eigde selskap. Desse retningslinjene kan også vere til inspirasjon ved utarbeiding av ei eigarmelding for VLK.

3. Praksis i HFK og SFFK – og tilråding om kva retningslinjer VLK bør ha

Tabellen nedanfor gjev ei samla oversikt over krav og anbefalingar for eigarskap, praksis i HFK og SFFK og delprosjektgruppa sine tilrådingar. Lovkrava og KS sine anbefalingar er refererte i kolonne 1 og 2. Kolonne 3 og 4 syner om og korleis HFK og SFFK si eigaroppfølging stettar kommunelova sine krav til eigarmelding og KS sine anbefalingar om eigarskap. I kolonne 5 gjev delprosjektgruppa tilrådingar om kva retningslinjer Vestland fylkeskommune bør ha.

Informasjonen i tabellen er henta frå eigarskapsdokument som fylkestinga i dei to fylkeskommunane har handsama siste åra. Sogn og Fjordane fylkeskommune utarbeider årleg ei eigarmelding (heretter omtala som EM) som fylkestinget handsamar på oktobertinget. Eigarmeldinga består av to delar. Del I inneheld rammer og retningslinjer for eigaroppfølginga. Del II inneheld ei selskapsoversikt med informasjon om - og formål/eigarstrategi for - kvart selskap. Fylkestinget vedtok Eigarmelding 2018 i møte 19. oktober 2018. Alle eigarmeldingane er tilgjengelege her: <https://www.sj.no/verksemder-og-eigarskap.334847.nn.html>

For Hordaland fylkeskommune er det tatt utgangspunkt i følgjande dokument:

- Eigarskapsmelding 2017 (heretter omtala som EM 2017), fylkestinget 07.03.17
- Eigarstrategi 2017 – 2020 (heretter omtala som ES 2017)
- Retningsliner for val av styrerepresentantar
- Retningsliner for utøving av vervet som styrerepresentant
- Retningsliner for valnemndsarbeid i Hordaland fylkeskommunes selskap
- Prosedyrar for eigarskapsforvalting, fylkestinget desember 2015

Lovkrav (koml. 2018 § 26-1)	KS sine anbefalingar	HFK	SFFK	Tilråding VLFK
Minst éin gong i valperioden skal fylkeskommunen utarbeide ei eigarskapsmelding som fylkestinget skal vedta.	Anbefaling 4: FK bør årleg utarbeide ei eigarmelding.	<p>ES 2017, vedtakspunkt 7:</p> <p><i>Det skal utarbeidast eigarskapsmelding kvart år som vert handsama av fylkestinget. Eigarstrategien skal reviderast i samband med første eigarskapsmelding i valperioden.</i></p> <p><i>Eigarskapsmeldinga kan vere forenkla, med unnatak av første året i valperioden</i></p> <p>Fylkesrådmannen legg fram meldinga i løpet av dei første seks månadane etter val av nytt fylkesting. I den enklare meldinga summerer fylkesrådmannen kort opp status for eigarskapsforvaltninga, går gjennom endringar sidan sist eigarskapsmelding og viser nøkkellopplysningar for dei selskapia fylkeskommunen har eigardelar i.</p> <p>Fylkeskommunen skal vurdere eigarskap i det enkelte selskap annakvart år i samband med handsaming av eigarskapsmeldinga.</p> <p>Eigarskapsmeldinga vert handsama på marstinget.</p>	<p>Fylkeskommunen utarbeider årleg ei eigarmelding som fylkestinget vedtar på oktobertinget. Eigarmeldinga inneholder både ei oversikt over eigarskapen, eigarstrategi/formål og retningslinjer for eigarutøving.</p> <p>Fylkeskommunen vurderer eigarskapen i alle selskap i samband med den årlege meldinga.</p>	<p>Årleg eigarmelding i samsvar med KS si anbefaling. Dette vil bidra til kontinuerleg og heilskapleg oppfølging av eigarskapen, som vil sikre ei meir forsvarleg eigarskapsforvaltning i VLFK.</p> <p>Handsaming/revidering av eigarmeldinga på oktobertinget kvart år, med oppdatert informasjon frå generalforsamlingar og representantskapsmøte som er gjennomførte på våren og sommaren.</p> <p>Selskapoversikt, eigarstrategien og alle retningslinjer bør samlast i eitt dokument som er lett tilgjengelig for folkevalde, selskapa og ålmenta på VLFK si heimeside.</p> <p>Vurdere eigarskapen ved behov/aktualitet.</p>
EM skal innehalde fylkeskommunen sine prinsipp for eigarstyring	Eigarmeldinga bør innehalde: <i>Politisk styringsgrunnlag gjennom kommunens prinsipper for eierstyring</i>	<p>10 overordna prinsipp i eigarmeldinga basert på staten sine prinsipp for god eigarstyring og selskapsleiring.</p> <p>https://www.regjeringen.no/no/tema/naringssliv/statlig-eierskap/eierstyring-og-ledelse/id613433/</p> <p>I tillegg meir utfyllande retningslinjer, m.a. EM 2017, prosedyrar for eigarskapsforvalting, retningslinjer for styremedlem, retningslinjer for valnemndsarbeid m.m.</p>	<p>EM del I inneholder eigarpolitikk og retningslinjer og rutinar for fylkeskommunal eigaroppfølging. Ikke ti overordna prinsipp slik som staten og HFK har, men meir utfyllande retningslinjer.</p>	<p>VLFK bør ha nokre overordna prinsipp slik som staten og HFK har.</p> <p>I tillegg meir utfyllande retningslinjer slik både HFK og SFFK har i dag. Samla skal desse prinsippa og retningslinjene bidra til god eigarskapsforvaltning som sikrar FK sine verdiar og bidreg til verdiskaping i selskapa der FK er eigar. Prinsippa og retningslinjene bør vere i tråd med KS sine tilrådingar for eigarskap.</p>

EM skal gje oversikt over selskap, fylkeskommunale føretak og andre verksemder ³ som fylkeskommunen har eigarinteresser eller tilsvarende interesser i	<i>Oversikt over kommunens virksomhet som er lagt i selskaper og samarbeid.</i>	EM gjev oversikt over, og nøkkelinformasjon om, aksjeselskap (AS) og interkommunale selskap (IKS). I tillegg er Innovasjon Norge omtalt. Meldinga inneheld følgjande informasjon: org.nr., kontaktinformasjon, aksjekapital, formål, eigarstrategi (HFK sitt formål med eigarskapen), styremedlem, kort om rekneskapen, og dokumentnr. i sak/arkivsystem. Ifølge ES 2017 skal stiftingar der HFK er representert i styret inkluderast i eigarmeldinga.	EM del II gjev ei oversikt over selskap og samarbeid (AS, IKS, interkommunale samarbeid, og stiftingar der FK er opprettar og/eller har medlem i styret). Eigarmeldinga inneheld m.a. informasjon om formål, aksjekapital/eigardel, eigarrepresentantar, styresamsetnad, etiske retningslinjer, økonomisk utvikling siste tre åra, viktige hendingar, viktige planar for dei komande åra og mål med eigarskapen (eigarstrategi).	EM skal gje ei oversikt over AS, IKS, kommunale oppgåvefellesskap, vertskommunesamarbeid og stiftingar, jf. koml. 2018 § 26-1. Vidare kan eigarmeldinga gjerne også omtale interkommunale politiske råd, samvirkeføretak, Foreiningar, KLP ⁴ og Innovasjon Norge ⁵ .
EM skal innehalde formålet/formåla med fylkeskommunen sine eigarinteresser eller tilsvarende interesser i ovannemnde verksemder	<i>Formålsdiskusjon og selskapsstrategi knyttet til de ulike selskapene, herunder styringsdokumentene.</i>	Oversikta i EM og ES inneholder HFK sitt formål med eigarskapen i kvart selskap. Eigarstrategien nemner fire ulike formål med fylkeskommunalt eigarskap; økonomi, klima, folkehelse og regional utvikling.	EM inneholder SFFK sitt formål med eigarskapen (eigarstrategi) for kvart selskap. Fylkestinget gjør årleg ei vurdering av om eigarskapen framleis er formålstenleg. EM skildrar generelle kriterium for å gå inn – og bli sitjande – som eigar i selskap og opprettar av stiftingar, sjå punkt 1.3.	VLFK si EM bør innehalde VLFK sitt formål med eigarskap og eigarstrategi for alle verksemder.
	<i>Juridisk styringsgrunnlag knyttet til de ulike selskaps- og samarbeidsformene.</i>	Ulike eigarformer er omtala i eigarstrategi 2017 punkt 5.	EM skildrar kort det juridiske styringsgrunnlaget for AS, IKS, stiftingar og interkommunale samarbeid (i EM del II).	Eigarmeldinga bør kort omtale det juridiske styringsgrunnlaget for dei ulike selskaps- og samarbeidsformene.
	<i>Selskapenes samfunnsansvar knyttet til miljø, likestilling, åpenhet, etikk osv.</i>	Ikkje eksplisitt omtalt, men HFK skal legge alle KS sine anbefalingar til grunn, sjå nedanfor.	Fylkestinget har stilt klare forventingar til selskapa når det gjeld samfunnsansvar, miljø, etikk, likestilling osv. i EM punkt 1.8. Selskapa sine ev. etiske retningslinjer er nemnde under selskapoversikta i EM.	EM bør omtale fylkestinget sine forventingar til selskapa når det gjeld selskapa sitt samfunnsansvar knytt til miljø, likestilling, openheit og etikk. Ved handsaming av EM bør fylkestinget vurdere korleis VLFK og eigarrepresentantane skal følge opp selskapa sitt arbeid med samfunnsansvar.
	KS sine anbefalingar generelt	Ifølge ES 2017, punkt 2 skal Hordaland fylkeskommune legge dei 21 tilrådingane frå KS Eigarforum til grunn for si utøving av eigarstyring.	EM er basert på KS sine anbefalingar, jamvel om dette ikkje er eksplisitt uttrykt i EM.	VLFK si eigarmelding bør slå fast at KS sine tilrådingar skal leggast til grunn for VLFK si

³ NOU 2016:4: Dette omfattar aksjeselskap, interkommunale selskap, kommunale oppgåvefellesskap, vertskommunesamarbeid og stiftingar som fylkeskommunen har ei særskild interesse i.

⁴ Gjensidig selskap

⁵ Anna føretak ifølge særskild lov

		Alle anbefalingane er refererte i ES 2017.		eigarutøving, slik HFK sin ES gjer. Ikke naudsynt å sitere alle anbefalingane, men heller vise/lenke til anbefalingane på KS sine nettsider.
	<p>Anbefaling 1: Obligatorisk opplæringa av og informasjon til folkevalde FT bør få: -oppplæring innan dei første 6 mnd. -oppfrisking etter 2 år.</p> <p>FT som eigar bør få kunnskap om -omfanget av selskapsorganisering -styringsmøgleheitene for dei selskapa FK har eigardelar i -dei ulike rollene ein har som folkevald, styremedlem eller medlem av representantskap eller GF</p> <p>Tidleg i perioden bør FT også få ei oversikt over status for selskapa</p>	<p>ES 2017 nemner at opplæring av - og informasjon til - dei folkevalde er avgjeraende for å utøve god eigarstyring, og at fylkesråmannen har ei rolle i å legge til rette for opplæring av folkevalde. Ikke utdjupa om eller korleis det blir gitt opplæring til dei folkevalde.</p> <p>HKF gjev opplæring til styremedlem, sjå nedanfor.</p>	<p>EM punkt 3.3: Innan seks månadar etter fylkestingsvalet skal dei folkevalde få informasjon om selskapa sin status og opplæring i eigarrolla og rutinar for fylkeskommunal eigaroppfølging. Etter to år skal dei få eit oppfriskingsseminar.</p> <p>Gjennom denne opplæringa skal dei folkevalde få kunnskap om dei ulike rollene som folkevald, styremedlem og representant i eigarorganet til selskapet.</p> <p>Som eigar gjev fylkeskommunen styrerrepresentantane naudsynt selskapsinformasjon i EM Del II, mellom anna om dei ulike selskapa sine formål og fylkeskommunen sitt formål med eigarskapen.</p>	Opplæring av dei folkevalde i samsvar med KS si anbefaling (slik SFFK har i dag).
	<p>Anbefaling 2: Vurdering og val av selskapsform Det er eigar sitt ansvar å sikre ei selskapsform som er tilpassa selskapet sitt formål, eigarstyringsbehov, samfunnsansvar, omsynet til innsyn, marknadsforhold og det aktuelle lovverket.</p>	Ulike eigarformer er omtala i eigarstrategi 2017 punkt 5.	I EM punkt 1.4 er det understreka at det er viktig at selskapsforma passar verksemda sitt formål, behovet for eigarstyring, marknadsmessige tilhøve og konkurranseregelverket. EM omtalar ulike eigarformer, og korleis selskapsform bør veljast mtp. mellom anna marknadsforhold og behovet for eigarstyring.	EM bør omtale ulike selskapsformer, og eigar sitt ansvar for å sikre ei selskapsform som er tilpassa selskapet sitt formål, eigarstyringsbehov, samfunnsansvar, omsynet til innsyn, marknadsforhold og det aktuelle lovverket.
	<p>Anbefaling 3: Fysisk skilje mellom monopol og konkurranseverksemeld Selskap som opererer i ein marknad i konkurransen med andre aktørar i tillegg til monopolverksemeld, bør som hovudregel skilje ut den marknadsretta delen av verksemda for å unngå rolleblanding og kryssubsidiering.</p>	Anbefaling 4 er referert i ES 2017 punkt 15.3. HKF legg alle KS sine tilrådingar til grunn for si eigarutøving.	Ikke eksplisitt omtala i eigarstyringsdokument eller politiske saker, men nemnt i EM punkt 1.4 at dersom selskapet skal ta risiko og operere i ein marknad, bør ein søke å avgrense ansvaret til fylkeskommunen som eigar.	EM bør anbefale fysisk skilje mellom monopol og konkurranseverksemeld.

	<p>Anbefaling 5:</p> <p>Styringsdokument (og eigarstrategi)</p> <p><u>Styringsdokument:</u></p> <p>KS anbefaler at fylkestinget utarbeider og jamleg reviderer styringsdokument og avtalar som regulerer styringa av selskap:</p> <p><i>For å underbygge vedtekene/selskapsavtalen og regulere styringen kan det være hensiktsmessig å utarbeide andre styringsdokumenter. Disse er ikke lovfestet, men er ment å sikre bevist eierstyring og å tilstrebe åpenhet og gjennomsiktighet i kommunal tjenesteproduksjon når den er organisert i selskaper.</i></p> <p><i>Det er først og fremst eierne, det vil si de folkevalgte, som har behov for slike dokumenter.</i></p>	<p>Ved handsaming av ES 2017 vedtok fylkestinget malar for styreinstruks og «styrets eigenevaluering», i tillegg til retningslinjer for valnemndsarbeid. Fylkeskommunen har oppmoda selskapa om å ta i bruk malane, sjå EM 2017. Tidlegare har fylkestinget vedteke retningslinjer for val av styremedlem og retningslinjer for utøving av vervet som styrerrepresentant.</p> <p>Det følgjer dessutan av HFK sine overordna prinsipp for eigarstyring at i alle aksjeselskap med to eller fleire eigarar skal det utarbeidast ein aksjonæravtale.</p>	<p>Fylkestinget stiller krav til selskapa gjennom eigarmeldinga, m.a. krav til at selskapet si verksemد tydeleg går fram av vedtekene/selskapsavtalen, og at selskapet har klare mål og strategiar innanfor rammene av vedtekene/selskapsavtalen.</p> <p>Ved behov har fylkeskommunen inngått aksjonæravtalar med dei andre eigarane i aksjeselskapa.</p>	<p>Fylkestinget bør utarbeide og revidere aksjonæravtalar og andre styringsdokument ved behov.</p>
	<p><u>Eigarstrategi:</u></p> <p>Ifølgje KS bør fylkeskommunen i tillegg ha ein open og klart uttrykt eigarstrategi for sitt eigarskap i ulike selskap. KS skildrar dette slik:</p> <p><i>Når kommunestyret har valgt å legge en del av sin virksamhet inn i et selskap, medfører det også overføring av styringsrett til virksomheten. Oppgaven til selskapets styre og administrasjon er å trekke opp virksomhets- og forretningsstrategien innenfor en ytre ramme som er trukket opp av eieren/eierne. Det er denne ytre rammen som er eierstrategien, og innenfor den skal selskapet ha betydelig grad av spillerom.</i></p>	<p>Eigarstrategi 2017 inneholder eigarstrategi (HFK sitt formål med eigarskap) for kvart enkelt selskap. Ifølgje ES 2017 skal eigarstrategien reviderast i samband med første eigarmelding i valperioden, og «ny eigarstrategi må utviklast etter 1.1.2020».</p>	<p>EM skildrar generelle kriterium for å gå inn – og bli sitjande – som eigar i selskap og opprettar av stiftingar, sjå EM punkt 1.3. EM har dessutan formålsdiskusjon og eigarstrategi for kvart enkelt selskap i del II («mål med eigarskapen» og «er fylkeskommunal eigarskap framleis formålstenleg»). Eigarstrategien reviderast årleg som ein del av eigarmeldinga, jf. EM punkt 3.5.2:</p> <p><i>Kvart år vert oppdatert eigarmelding lagt fram for fylkestinget i oktober. Her skal tinget ta stilling til om fylkeskommunen skal vidareføre eigarskapen i dei enkelte selskapa. I tillegg vert det teke stilling til om det er særskilde forventningar til dei einskilde selskapa framover. Dersom det er særskilde forventningar til selskapa, vert dette teke inn som eit eige punkt</i></p>	<p>Fylkeskommunen bør gjennom EM ha ein klart uttrykt og open eigarstrategi for kvart enkelt selskap.</p>

			<i>under presentasjonen av selskapet i eigarmeldinga del II.</i>	
	Anbefaling 6: Eigarmøte KS tilrår at det jamleg blir gjennomført eigarmøte for å bidra til god eigarstyring og kommunikasjon med selskapet.	Eigarmøte er nemnt som ein mogleg dialogarena for styring og påverknad, sjå ES 2017 punkt 5.1 og EM 2017.	SFFK nemner i EM punkt 2.4.1 at i tillegg til ordinære møte i eigarorganet, kan eigarorganet gjennomføre meir «uformelle» eigarmøte. Det blir gjennomført eigarmøte ved behov (ikkje jamleg).	EM bør omtale moglegheita for eigarmøte og anna kommunikasjon med selskapet. Eigarmøte bør gjennomførast ved behov.
	Anbefaling 7: Eigarorganet - samansetnad og funksjon KS understrekar at eigarstyringa skal skje gjennom eigarorganet for selskapa. For selskapsformene AS og IKS bør ein etablere føreseielege kommunikasjonsformer mellom fylkestinget og eigarorganet som er forankra i eigarskapsmeldinga.	<p>HKF har retningslinjer i EM 2017 og ES 2017 om eigarutøving, ulike roller og dialog med selskapa.</p> <p>HKF sine retningslinjer for utøving av vervet som styrerrepresentant omhandlar styrerrepresentanten sin kontakt med HKF.</p>	<p>SFFK har klare rammer for eigarstyring og eigardialog i punkt 2.6, og oppmodar selskapa til å fastsette retningsliner for kontakt selskapet har med aksjeeigarar utanfor generalforsamlinga.</p>	VLFK bør etablere føreseielege kommunikasjonsformer mellom fylkestinget og eigarorganet som er forankra i eigarskapsmeldinga.
	Oppnemning av sentrale folkevalde til eigarorganet vil bidra til å forenkle samhandlinga og kommunikasjonen mellom fylkestinget og eigarorganet.	<p>Omtala som følgjer i Eigarstrategi 2017, vedtakspunkt 5:</p> <p><i>Det er fylkesordførar, fylkesvaraordførar eller den dei gjev fullmakt som deltek i generalforsamlinga som eigarrepresentant på vegner av Hordaland fylkeskommune. Fylkesutvalet skal i byrjinga av kvart år handsame sak om eigarrepresentasjon i selskapas generalforsamlingar. Fortriinsnvis skal eigarrepresentantane veljast blant fylkesutvalets medlemer, om ikkje fylkesordførar/fylkesvaraordførar kan møte. Eigarrepresentantane skal representerere</i></p>	Fylkeskommunen oppnemmer sentrale folkevalde som eigarrepresentantar og vararepresentantar for fylkestingsperioden. Eigarmeldinga gjev klare retningslinjer.	VLFK bør velje sentrale folkevalde som eigarrepresentantar. Det bør oppnemnast representant og vararepresentant til kvart enkelt selskap for heile fylkestingsperioden (slik SFFK gjer det) for å sikre kontinuitet i eigaroppfølginga. Delegeringsreglementet bør fastslå kva organ som har mynde til å peike ut eigarrepresentantar.

		<p><i>fylkeskommunen i rolla som eigar i generalforsamlingane. Hordaland fylkeskommune skal møte med eigarrepresentant i generalforsamlingar i alle selskap fylkeskommunen har eigardel i.</i></p>		
	<p>Anbefaling 8: Gjennomføring av generalforsamlinger og representantskapsmøte Bør ta inn føresegner om innkallingsfrist i vedtekten, slik at det blir tatt omsyn til fylkeskommunen sitt behov for å ha tid til å behandle aktuelle saker.</p>	<p>Omtala i ES 2017, punkt 10: <i>Hordaland fylkeskommune ber styr[a] i selskapa sette dato for generalforsamlinga så tidleg som mogleg og seinast 6 veker før generalforsamling skal haldast.</i></p>	<p>Omtala i EM punkt 3.5.3: <i>Fylkeskommunen har ved melding oppmoda alle selskapa om å varsle både eigarutsending og fylkeskommunen om generalforsamling eller representantskapsmøte i god tid. Det er presisert at møtetidspunkt bør fastsetjast så tidleg som mogleg.</i></p>	<p>Oppmøde selskapa om å ta omsyn til fylkeskommunen sitt behov for å behandle aktuelle saker. Vurdere behovet for å ta inn føresegner om innkallingsfrist i vedtekten, iaf. ved nytt eigarskap.</p>
	<p>Anbefaling 9: Styresamsetnad Eigar er ansvarleg for at styret sin kompetanse samla sett er tilpassa selskapet si verksemd. Styret skal representerere selskapet sitt behov, og bør ha forskjellig og supplerande kompetanse innan økonomi, organisasjon og om marknaden som selskapet opererer i.</p>	<p>HKF sine retningslinjer for valnemndsarbeid i HKF sine selskap og EM 2017 inneholder krav til styresamsetnad, kompetanse, kapasitet og habilitet. <i>For oppnemning til styreverv er det krav om: i. Kunnskap om næringa og bransjen selskapet driv ii. Grunnleggjande kunnskapar om rekneskap og rekneskapsforståing iii. Relevant ekspertise innan eit eller fleire område som er viktig for selskapet, enten formell ekspertise/utdanning eller praktisk erfaring med styrearbeid, den aktuelle bransjen eller det aktuelle selskapet.</i> Ved oppnemning av heile styret skal ein i tillegg legge vekt på at <i>ein set saman eit kollegium som har:</i> <i>i. Kunnskap eller erfaring om relevant lovgiving, rekneskap og/eller styrearbeid (generalistkompetanse) ii. Kunnskap om selskapet, eller meir inngående kunnskapar om næringa og/eller bransjen (spesialistkompetanse) iii. Fagkompetanse og kompetanse innan etikk.</i></p>	<p>Omtala i EM punkt 2.5.1: <i>Fylkestinget har som eigar ansvar for at dei som sit i dei ulike styra har eigenskapar og kompetanse til å styre selskapet på ein god måte i samsvar med selskapet si verksemd, strategi og handlingsplan. Fylkestinget [...] er [...] oppteke av å medverke til at styret som kollegium skal representerere god nok breidde og relevant kompetanse for selskapet. Fylkestinget har fortsett praksisen med å ha folkevalde i ulike styreroller, og er samtidig oppteke av å medverke til at styret som kollegium skal representerere god nok breidde og relevant kompetanse for selskapet. Det kan derfor vere aktuelt å velje styremedlemer utan fylkeskommunal forankring.</i></p>	<p>Eigarmeldinga bør gje retningslinjer for VLK sine val av styremedlemmar, og om eigar sitt ansvar for riktig kompetanse.</p>

	KS anbefaler at fylkeskommunen sikrar opplæring av styremedlemene. ⁶	Retningslinjer for utøving av vervet som styrerrepresentant: <i>Nyvalde styremedlemer skal gjennomgå obligatorisk opplæring i løpet av dei seks første månadane vedkomande sit som styrerrepresentant. Personar som sit meir enn to år som styrerrepresentant skal delta på oppfølging i løpet av det tredje året.</i> <i>Den obligatoriske opplæringa skal innehalde: Grunnleggjande opplæring i rettar og plikter som styremedlem, og aksjelova sine regler. Grunnleggjande opplæring i rekneskapsforståing.</i>	EM punkt 3.3: <i>Fylkestinget si oppfatning er at kvart enkelt selskap har sjølvstendig ansvar for opplæring av sine styremedlemar i rettslege rammer for selskapet og kunnskap om selskapets føremål, verksamd, vedtekter, organisasjon og historie. Som eigar gjev fylkeskommunen styrerrepresentantane naudsynt selskapsinformasjon i Del II – VERKSEMDSOVERSIKT, mellom anna om dei ulike selskapa sine føremål og fylkeskommunen sine føremål med eigarskapen. I enkelte tilfelle der fylkeskommunen direkte peikar ut representantar til styret, kan det etter ei nærmere vurdering vere føremålsterenleg at fylkeskommunen gjennomfører ei eiga innføring eller opplæring for styrerrepresentanten.</i>	VLFK bør gje (noko) opplæring til styremedlemar som fylkeskommunen peikar ut direkte. T.d. kan styremedlemene få opplæring i samband med folkevald-opplæringa. Vidare bør VLFK gjennom eigarmeldinga også oppmøde selskapa om å vurdere behovet for opplæring av styremedlemene, sjå anbefaling 12 nedanfor.
	Anbefaling 10: Valkomite og styreutpeiking KS tilrår at det bør vedtektsfestast bruk av valkomite ved val av styre til fylkeskommunal eigde selskap.	HKF har ei eiga valnemnd som gjev innstilling til fylkestinget om kandidatar til styre, sjá retningslinjer for val av styrerrepresentantar og retningslinjer for valnemndsarbeid.	EM punkt 2.5.2: <i>Når fylkestinget eller fylkesutvalet vurderer om fylkeskommunen skal gå inn som ny eigar i aksjeselskap bør organet ta opp spørsmålet om å vedtekts- eller avtalefeste prosedyre for val av styre. Det vil vere ei god løysing at fleire av selskapa etablerer valnemnder som tek seg av arbeidet med å finne kandidatar til styret</i>	EM bør innehalde generelle retningslinjer om VLFK sitt utgangspunkt når det gjeld valnemnd og styreval. Vedtektsfesting av valnemnd bør vurderast ved ny eigarskap, ev. også ved revidering av eksisterande vedtekter.
	Anbefaling 11: Kjønnsbalanse i styra KS meiner ein skal forsøke å oppnå balansert kjønnsrepresentasjon i eigarorganet uavhengig av organisasjonsform og eventuelle lovkrav.	HKF si EM tilrår at eigarorganet, uavhengig av organisasjonsform, sørger for at det er kjønnsbalanse i styra. Ifølgje retningslinjene for valnemndsarbeid skal det vere minst 40 % representasjon av kvart kjønn i styra.	EM punkt 2.5.3: <i>Fylkestinget anbefaler at eigarorganet uavhengig av organisasjonsform forsøker å oppnå balansert kjønnsrepresentasjon i styra for å betre utnytte eksisterande kompetanse i regionen.</i>	VLFK bør (gjennom eigarmeldinga) oppmøde selskapa om å forsøke å oppnå kjønnsbalanse. VLFK bør bidra til kjønnsbalanse ved utpeiking av styremedlem uavhengig av lovkrav og organisasjonsform.

⁶ Sjá anbefaling 12 under, der KS tilrår at styret bør vurdere behovet for ekstern styreopplæring.

	<p>Anbefaling 12: Rutinar for å sikre riktig kompetanse i selskapsstyra Eigar har ansvar for å sikre at styret har den nødvendige kompetansen for å nå selskapet sine mål. Eigar bør anbefale styret sjølv jamleg å vurdere eigen kompetanse ut frå eigarane sine formål med selskapet.</p> <p>For å sikre utvikling av nødvendig kompetanse i styret tilrår KS at styret etablerer m.a. følgjande rutinar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Fastsetter styreinstruks og instruks for daglig leder med særlig vekt på en klar intern ansvars- og oppgavefordeling.</i> • <i>Vurderer behovet for ekstern styreopplæring. Nye styremedlemmer skal gis opplæring om ansvar, oppgaver og rollefordeling.</i> 	<p>HFK har vedteke malar for styreinstruks og eigenevaluering av styret som dei oppmodar selskapet om å nytte, sjå ES 2017 punkt 6.</p> <p>HFK gjev opplæring til styremedlem, sjå anbefaling 9 ovanfor.</p>	<p>Fylkestinget peikar på styret sitt ansvar for opplæring av styremedlemmar i eigarmeldinga punkt 3.3, sjå anbefaling 9 ovanfor.</p>	<p>VLFK bør som eigar ta ansvar ved å velje styremedlem med riktig kompetanse. I tillegg bør VLFK (gjennom eigarmeldinga) oppmode selskapet om å vurdere eigen kompetanse og behovet for styreopplæring.</p>
	<p>Anbefaling 13: Styresamsetnad i konsernmodell Styret i morselskap bør ikke sitte i styret til datterselskap fordi styret i morselskap utgjer generalforsamling i datterselskap.</p>	<p>HFK skal legge alle KS sine anbefalingar til grunn, og refererer anbefaling 13 i ES 2017 punkt 15.13.</p>	<p>Fylkestinget har presisert i EM punkt 2.5.2 at styret i morselskap ikke bør sitte i styret til datterselskap fordi styret i morselskap er generalforsamling i datterselskap. Dette er viktig for å unngå rolleblanding i konsernforhold.</p>	<p>VLFK bør presisere i eigarmeldinga, ev. også i retningslinjene for VLFK si valnemnd, at styre i morselskap ikke bør sitte i styret til datterselskapet.</p>
	<p>Anbefaling 14: Oppnemning av varamedlemar Når det gjeld vararmedlemar er KS sitt syn er at ein bør nytte ordninga med numeriske varamedlemar for å sikre kontinuitet og kompetanse i styret.</p>	<p>Nemnt i ES 2017, vedtaket punkt 4:</p> <p><i>Når det veljast varamedlem til styr[a] i ulike selskap skal dei veljast numerisk og ikkje som personlege vara i dei høva det ikkje er vedtektsfesta i selskapet at varamedlem skal vere personlege. I selskap fylkeskommunen eig meir enn 50% skal det fremjast forslag til generalforsamling om vedtektsendring som gjer det mogleg å velje numeriske vara.</i></p>	<p>Ikkje nemnt i EM.</p>	<p>VLFK kan gjennom eigarmeldinga anbefale KS si tilråding som eit utgangspunkt, slik HFK gjer i sin eigarstrategi i dag.</p>

	<p>Anbefaling 15: Habilitetsvurderingar KS tilrår at styra etablerer faste rutinar for å handtere moglege habilitetskonfliktar.</p> <p>Fylkesordførar (FOF) og fylkesrådmann (FRM) bør ikke sitte i styre i selskap.</p> <p>Ingen kommunalt tilsette eller folkevalde skal handtere saker i fylkeskommunen som gjeld eit selskap der dei er styremedlem.</p>	<p>Ifølgje retningslinjene for val av styrerepresentantar punkt 3.c. skal HFK ved oppnemning til styreverv ta «omsyn til om det er sannsynleg om vedkommande vil kome i habilitetskonfliktar».</p> <p>Som nemnt ovanfor legg HFK alle KS sine tilrådingar til grunn. HFK har sitert anbefaling 15 i ES 2017.</p>	<p>Habilitet er omtala i EM, m.a. i punkt 2:</p> <p>Fylkestinget si oppfatning er at både rolleforståing og habilitet må handterast på ein måte som ikkje er eigna til å så tvil om at ei avgjerd er teken på sakleg grunnlag. Dette gjeld særleg i eigarsaker der styremedlemer og medlemer av generalforsamlingar, representantskap eller andre eigarorgan (eigarrepresentantane) er representerte i folkevalde organ.</p> <p>FRM og FOF har ikke styreverv, med unntak av at FOF er styremedlem i to holding-selskap og vara i styret til Vest-Norges Brusselkontor.</p>	<p>VLFK kan oppmode styra om å følgje KS si tilråding om rutinar.</p> <p>VLFK bør la vere å velje FOF eller FRM som styremedlem for å unngå habilitetskonfliktane dette kan medføre.</p> <p>Tilsette i VLFK som er styremedlem i selskap bør ikke handtere saker i fylkeskommunen som gjeld selskapet.</p> <p>Ovannemnde bør fastsetjast i retningslinjene i eigarmeldinga.</p>
	<p>Anbefaling 16: Godtgjersle for styreverv I samband med utarbeidning av eigarskapsmeldinga bør fylkestinget ha ein prinsipiell diskusjon om godtgjersle for styreverv. Diskusjonen bør danne grunnlag for fastsetting av styrehonorar i eigarorganet.</p> <p><i>Det anbefales at selskapene gjør en konkret vurdering av behovet for styreforsikring for styremedlemmene. Forsikringen gjelder det økonomiske ansvaret, ikke det strafferettslige.</i></p>	<p>Godtgjersle for styreverv var tema i ES 2017. Det følgjer av saksframstillinga at det skal vere moderat godtgjersle, og at godtgjersla ikkje bør ligge over det som er normalt for eit fylkeskommunalt verv i politiske organ, men det er opp til GF å gjere ei heilskapleg vurdering av nivået.</p>	<p>Fylkestinget har gjennom EM oppmoda selskapa om å utarbeide retningslinjer om samfunnsansvar m.m. Retningslinjene bør m.a. omhandle «nøkternt nivå på honorar/godtgjersle»).</p> <p>Fylkesutvalet har hatt diskusjonar om godtgjersle for selskap der fylkeskommunen eig ein stor del av aksjane, m.a. for F1 Holding AS og Sogn og Fjordane Holding AS.</p>	<p>Fylkestinget bør ha ein prinsipiell diskusjon om godtgjering av styreverv ved utarbeidning av første eigarmelding for VLFK.</p>
	<p><i>Det anbefales at selskapene gjør en konkret vurdering av behovet for styreforsikring for styremedlemmene. Forsikringen gjelder det økonomiske ansvaret, ikke det strafferettslige.</i></p>	<p>Retningslinjer for utøving av vervet som styremedlem: <i>Fylkeskommunen svt for å teikna styreforsikring for dei oppnemnde representantane.</i></p>	<p>Styreansvarsforsikring er ikke omtala i EM. Selskapa vurderer sjølv behovet for slik forsikring.</p>	<p>Fylkestinget kan gjennom EM oppmode selskapa om å vurdere behovet for forsikring. Det er ikkje naturleg at fylkeskommunen som eigar skal syte for forsikring til styremedlemane. Selskapet bør sjølv dekke styreansvarsforsikring.</p>

	<p>Anbefaling 17: Registrering av styreverv Alle som tek på seg styreverv for fylkeskommunale selskap bør registrere verva på www.styrevervregisteret.no</p>	<p>Retningslinjer for utøving av vervet som styrerrepresentant:</p> <p><i>Alle som vert oppnemnd[e] som styremedlemer på vegner av Hordaland fylkeskommune skal registrerast i det offentlege styrevervregisteret og pliktar å følgja opp dette.</i></p>	<p>EM punkt 2.2.1:</p> <p><i>For å identifisere dei folkevalde sine ulike roller og synleggjere rollene for ålmenta, er det viktig at alle medlemer i fylkestinget registerer sine interesser – både økonomiske og politiske – i styrevervregisteret. Dette vert gjort på www.styrevervregisteret.no/.</i></p>	<p>Alle som vert oppnemnde som styremedlemar på vegner av VLFK skal registrere seg i styrevervregisteret.</p>
	<p>Anbefaling 18: Arbeidsgjevertilhørsle i sjølvstendige rettssubjekt Det anbefales at selskapene søker medlemskap i en arbeidsgiverorganisasjon. KS Bedrift vil være et naturlig valg for mange av disse selskapene. Ved utskilling av virksomhet i selvstendige rettssubjekter er det aktuelle selskapet ikke lenger tilknyttet kommunens lønns- og avtaleforhold gjennom det kommunale systemet.</p>	<p>KS si anbefaling nr. 18 om arbeidsgjevertilhørsle er referert i ES 2017 punkt 15.18.</p>	<p>Ikkje omtala i EM.</p>	<p>KS si tilråding gjeld selskapa, men VLFK kan gjennom EM oppmode selskapa om å vurdere behov for medlemskap i ein arbeidsgjevarorganisasjon.</p>
	<p>Anbefaling 19: Utarbeiding av etiske retningslinjer Eigar bør føre tilsyn med at selskapsstyrta utarbeider - og jamleg reviderer - etiske retningslinjer for selskapsdrifta. KS skildrar tydinga av etiske retningslinjer slik: Kommunale selskaper forvalter fellesskapets ressurser. Forvaltningen skal skje på en måte som samsvarer med befolkningens oppfatninger om rett og galt. Kommunenes omdømme vil derfor i økende grad også avhenge av hvordan en forvalter sitt samfunnsansvar gjennom sine bedrifter. Det finnes ikke et fasitsvar på hva samfunnsansvarlig forretningsdrift er. Dette må</p>	<p>Anbefalinga er sitert i ES 2017, men delprosjektgruppa kan ikkje sjå at EM, ES eller andre politiske dokument omtalar korleis eigar fører tilsyn.</p>	<p>EM punkt 1.8.1:</p> <p><i>Fylkestinget som eigar er oppteken av at selskapa tek samfunnsansvar og driv verksemda si i tråd med kva som er etisk forsvarleg. Fylkestinget har både generelle og meir spesifikke forventningar [...] knytt til [...] klima og miljø, menneskerettar, arbeidstakarrettar og antikorrupsjon.</i></p> <p>Fylkeskommunen forventar at selskapa gjer det klårt kva som er selskapet sitt verdigrunnlag, og i samsvar med dette utarbeider retningslinjer for sitt arbeid med samfunnsansvar.</p> <p>Fylkeskommunen forventar at retningslinene er offentleg tilgjengelege og at selskapa integrerer arbeidet med klima og miljø, menneskerettar, arbeidstakarrettar og arbeid mot korruption i desse.</p>	<p>VLFK bør oppmode selskapa om å utarbeide etiske retningslinjer.</p> <p>Eigarmeldinga bør seie noko om korleis VLFK skal føre tilsyn med selskapa sitt arbeid med retningslinjene.</p> <p>Selskapoversikta i VLFK si eigarmelding bør innehalde informasjon om selskapet sine ev. etiske retningslinjer.</p>

	defineres for det enkelte selskap. Etikk er en viktig del av de vurderinger som gjøres i forbindelse med det å drive et selskap, fordi de etiske holdningene legger grunnlaget for hvordan man faktisk handler. Etiske retningslinjer bør derfor utarbeides i det enkelte selskap.		Oppfølginga av arbeidet til selskapa med samfunnsansvar skjer gjennom eigardialog mellom eigar og leiinga i selskapa. Eigar forventar at selskapa rapporterer på viktige saker som gjeld verksenda og saker som gjeld samfunnsansvar.	
	Anbefaling 20: Særleg om administrasjonssjefen si rolle i kommunale føretak KS tilrår at «kommunestyrene ved opprettelse av kommunale foretak diskuterer administrasjonssjefens rolle og handlingsmuligheter overfor daglig leder».	HFK refererer anbefaling 20 om kommunale føretak i ES 2017 punkt 15.20.	Ingen kommunale føretak.	VLFK bør omtale kommunale føretak kort i EM. Det bør gå fram av EM at administrasjonssjefen si rolle bør diskuterast ved ev. oppretting av nye kommunale føretak.
	Anbefaling 21: Tilsyn og kontroll KS legg til grunn at FT "innenfor rammen av kommunelovens bestemmelser fastsetter regler og etablerer rutiner for selskapskontrollen, herunder hvilke dokumenter som uoppfordret skal sendes kontrollutvalget med angivelse av hvem denne plikten påhviler".	ES 2017 viser til forskrift om kontrollutval og kommunelova § 80 (om kontrollutvalet sin innsynsrett).	Fast rutine i SFFK som går ut på at administrasjonen vidaresender innkallingar og saksdokument for selskap som er omfatta av kommunelova § 80 til kontrollutvalet. Fylkestinget har vedteke reglement for kontrollutvalet (sak 48/15) og plan for selskapskontroll 2016-2020 (sak 42/16).	Fylkestinget bør ved handsaming av eigarmeldinga fastsette reglar og rutinar for selskapskontrollen.

4. Politisk behandling

Ifølgje koml. 2018 § 26-1 skal fylkestinget vedta ei eigarskapsmelding ein gong i løpet av valperioden. Gruppa sitt syn er at fylkestinget bør handsame eigarmeldinga årleg, slik KS tilrår. Årleg handsaming vil bidra til kontinuerleg og heilskapleg oppfølging av eigarskapen, som vil sikre forsvarleg eigarskapsforvaltning i VLFK.

Eigarskapsmeldinga vil innehalde retningslinjer for val av styremedlemar og eigarrepresentantar. Det er såleis ein fordel om fylkestinget i Vestland kan vedta den første eigarskapsmeldinga så tidleg som mogleg i valperioden, og før VLFK skal velje styremedlemar og eigarrepresentantar. Den første eigarskapsmeldinga for VLFK bør derfor leggast fram for fylkestinget i det andre møtet, dvs. 17. desember 2019. Ei oppdatert eigarskapsmelding vil deretter bli lagd fram for fylkestinget kvart år på oktobertinget.

I møte 13.05.19 vart FN-AU i sak PS 22/19 presentert for eit forslag til reglement for fylkestinget i Vestland. Av reglementet går det fram at fylkestinget skal gjere vedtak i saker om val av representantar til styrande organ i selskap, stiftingar og liknande, jf. punkt 2.4.6. Fylkeskommunen skal peike ut nye medlemar før ordinære generalforsamlingar og representantskapsmøte i 2020. Fylkestinget bør derfor velje styremedlemar og eigarrepresentantar i det første fylkestingsmøtet i 2020, som truleg blir i mars.

Delrapporten skal følgjast opp med eit notat til fellesnemnda i juni. Gjennom notatet blir fellesnemnda orientert om ovannemnde, slik at fellesnemnda får høve til å kome med innvendingar mot det skisserte opplegget for politisk handsaming.

5. Oppsummering av sentrale tilrådingar og avklaringspunkt

VLFK si eigarskapsmelding må for det første stette krava i den nye kommunelova. Delprosjektgruppa tilrår at VLFK også (i all hovudsak) følgjer KS sine anbefalingar, og utarbeider retningslinjer som skal sikre oppfylling av anbefalingane, sjå tabellen i kapittel 3. Begge fylkeskommunane følgjer i stor grad anbefalingane til KS i dag, men som tabellen ovanfor syner er det moglegheit for nokre forbetringer. VLFK si eigarskapsmelding bør utarbeidast med utgangspunkt i HFK og SFFK sine eigarskapsmeldingar, og fylkeskommunane sine erfaringar frå eigarskapsområdet. Målet må vere at VLFK si eigarskapsmelding skal hente dei «beste» retningslinjene og rutinane frå kvar fylkeskommune.

Gruppa anbefaler at VLFK – til liks med HFK og staten – skal ha nokre overordna prinsipp for eigarstyringa, sjå andre rad i tabellen ovanfor. Ettersom NUES og OECD sine anbefalingar gjeld børsnoterte selskap og statlege selskap, har delprosjektgruppa ikkje vurdert om desse anbefalingane (i sin heilskap) bør gjelde for VLFK. Gruppa tilrår i staden at ein ved utarbeiding av eigarskapsmeldinga vurderer om nokre av anbefalingane kan vere relevante for fylkeskommunen sine retningslinjer.

Delprosjektgruppa meiner det er ein fordel om selskapoversikta, eigarstrategien og alle prinsippa og retningslinjene for eigarstyring blir samla i eitt dokument (eigarskapsmeldinga) som er lett tilgjengeleg for folkevalde, selskapa og ålmenta på VLFK sine nettsider.

Delrapporten må følgjast opp med utarbeiding av eigarskapsmelding for VLFK før fylkestinget sitt møte 17. desember 2019. Delprosjektgruppa gjer merksam på at arbeidet med eigarskapsmeldinga vil vere svært omfattande, og vil krevje ressursar frå både HFK og SFFK hausten 2019. Delprosjektgruppa har avklart med juridisk fagsjef i Sogn og Fjordane at juristar frå SFFK kan delta i arbeidet med eigarskapsmeldinga hausten 2019, men det er ein føresetnad at også ressursar frå HFK kan bidra i arbeidet.

Delprosjektgruppa kan ikkje sjå at det er særskilde spørsmål som krev drøfting med tillitsvalde, eller at samanslåinga vil medføre omstillingskostnadar på eigarskapsområdet.

Vedlegg 1: Samandrag

1.	Oppgåveforståing: Kva oppgåve(r) er det delprosjektet har greidd ut?	Delrapporten gjev ei oversikt over krav og anbefalingar som gjeld retningslinjer for eigarstyring. I tillegg har delprosjektgruppa vurdert om og korleis HFK og SFFK oppfyller desse krava og anbefalingane. Delprosjektgruppa har avslutningsvis gjeve ei tilråding om eigarskapsmelding og generelle retningslinjer for VLFK.
2.	No-situasjonen:	HFK skal utarbeide ei eigarskapsmelding kvart år som vert handsama av fylkestinget. Eigarskapsmeldinga kan vere forenkla, med unnatak av første året i valperioden. SFFK utarbeider årleg ei eigarskapsmelding som fylkestinget vedtek på oktobertinget. Eigarskapsmeldinga inneholder både retningslinjer for eigarutøving, og oversikt over eigarskapen inkludert formåla med eigarskapen i dei ulike verksemndene. Organisering, arbeidsmåtar, personell, digitale verktøy osv. er omtala i delrapport 1.
3.	2020-situasjonen:	Med utgangspunkt i HFK og SFFK sine eigarskapsmeldingar vil administrasjonen utarbeide eit utkast til eigarskapsmelding for VLFK. Eigarskapsmeldinga vil stette krava i ny kommunelov, og vil innehalde både retningslinjer for eigarstyring, oversikt over selskap, og oversikt over VLFK sine formål med eigarinteressene. Retningslinjene vil bli utforma i tråd med KS sine anbefalingar om eigarstyring. Organisering, arbeidsmåtar, personell, lokalisering osv. er omtala i delrapport 1.
4.	Samanslåingsgevinstar vi kan oppnå og kva for ev. omstillingskostnader vi får gjennom felles oppgåveløysing/organisering.	Eigarporteføljen blir om lag dobla ved samanslåinga. Gruppa har derfor vanskeleg for å sjå at arbeidet vil kreve noko særleg mindre ressursar enn i dag. Eit større fagmiljø (medarbeidarar frå begge fylkeskommunane) kan føre til kompetanseheving og betre eigaroppfølging. VLFK si eigarskapsmelding skal utarbeidast med utgangspunkt i HFK og SFFK sine eigarskapsmeldingar, og fylkeskommunane sine erfaringar frå eigarskapsområdet. Målet er at VLFK si eigarskapsmelding skal hente dei «beste» retningslinjene og rutinane frå kvar fylkeskommune. Dette vil kunne bidra til betre eigarskapsforvalting og eigaroppfølging i VLFK enn det HFK og SFFK hadde kvar for seg. I tillegg vil ein ved utarbeidning av ei ny eigarskapsmelding for VLFK sikre at VLFK stettar alle lovkrav, og følgjer KS sine tilrådingar.
5.	Økonomiske forhold som følge av samanslåinga.	Det er lagt opp til å bruke interne resursar i arbeidet med generelle retningslinjer både før og etter samanslåing, og slik sett vil ikkje omstillinga føre til direkte meirkostnader.